



Justis- og politidepartement  
Postboks 8005 Dep  
0030 Oslo

Administrativ og teknisk driftsavdeling

|                            |            |
|----------------------------|------------|
| <b>JUSTISDEPARTEMENTET</b> |            |
| 01 NOV 2007                |            |
| SAKSNR.:                   | 200705911  |
| AVD/KONT/BEH:              | LOV/EU/MHG |
| DOK.NR.                    | 65         |
| Vår dat                    | 26.10.2007 |
| ARKIVKODE:                 |            |

Dykkar dato:

Dykkar referanse:

Vår referanse:

200705911 EO/MHG

2007/1169

26.10.2007

### HØYRING - UTKAST TIL FORSKRIFT OM RETT TIL INNSYN I OFFENTLEG VERKSEMD

Syner til høyringsbrev av 04.09.07 motteke frå Justis- og politidepartementet, og til videresending av same frå Kunnskapsdepartementet datert 27.09.07 med ønskje om kommentarar til punkt som gjeld universitets- og høgskolesektoren spesielt.

Norges Handelshøyskole (NHH) har merknadar til pkt. 3.3 om tilgjengeleggjering av journalar på internett. I utkastet til forskrift er det forslag om at det skal vera storleiken på organa som skal vera avgjerande for om ein journal skal gjerast tilgjengeleg elektronisk på internett eller ikkje. Dette er me usamde i.

Me meiner at § 6 *Tilgjengeleggjering av journalar på Internett* bør lyde som følgjer:

Alle organ som fører elektronisk journal i godkjend NOARK-system og som har internettsider, skal gjere journalen tilgjengeleg for allmenta på Internett. Organa må syte for nok ressursar for å ivareta kvalitetssikring av offentleg journal i hht Arkivlova, Personopplysningsloven og anna lov- og regelverk

NHH meiner at det som bør vera avgjerande for om eit organ skal publisera offentlig journal på internett er om organet har internettsider eller ikkje. Har organet sider på internett allereide, så er det ein enkel sak å publisera, som eit minimum, ein statisk offentlig journal. Det høyrer ut som at arbeidsgruppa som har utarbeidd utkastet til forskrift har lagt til grunn at ein offentlig journal på veven må vera det same som den elektroniske løysinga departementa bruker i dag. Dette er ikkje tilfellet. Både små og store organ utarbeider offentlege journalar som er tilgjengelege internt, og det krever ikkje mykje ekstra arbeid for å leggja desse på veven. Det som imidlertid er arbeidskrevjane er å kvalitetssikra slike dokument, og det er eit arbeid som ikke alltid vert prioritert i organa. NHH meiner at ved eit pålegg i forskrifta om publisering uavhengig av storleik, men avhengig av eksisterande internettsider eller ikkje, så vil organa måtte prioritera ressursar til eit slikt arbeid som igjen sikrar allmenta den meiroffentlegheit som den nye lova skal ivareta.

NHH støttar at personvern hensyn ivaretas ved tilgjengeleggjering av offentlig journal på internett. Dette er viktig kjem med i forskrifta.

Med vennleg helsing

Ragnar Fagereng  
Adm. dir.

Signe P. Morvik  
Arkivleder

Kopi: Kunnskapsdepartementet

DETTE ER ET ELEKTRONISK GODKJENT DOKUMENT. PAPIRUTGAVE BLIR IKKE ETTERSENT

Norges  
Handelshøyskole

Helleveien 30  
NO-5045 Bergen  
Norway

Tlf/Tel: +47 55 95 90 00  
Faks/Fax: +47 55 95 91 00  
nhh.postmottak@nhh.no

www.nhh.no  
Bankkonto 7694 0500 350  
Bank Account No64 7694 0500 350